

# **Infohefte for dei vidaregåande skolane om skoleskyss skoleåret 2025/2026**



**skyss** 




# Kven har rett på gratis skoleskyss?

- Vidaregåande elevar som bur **utanfor** ungdomsbillettområdet eller er for gamle til å kjøpe ungdomsbillett, og som har meir enn 6 km til skolen
- Elevar med varig eller mellombels funksjonshemming/sjukdom kan ha rett på skyss mellom skole og heim uavhengig av reiselengde
- Elevar som treng skoleskyss med båt

Detaljert skoleskyssreglement og kart over ungdomsbillettområdet finn du på [www.skyss.no/skoleskyss](http://www.skyss.no/skoleskyss)

Ungdomsbillettområdet dekkar store delar av Bergen og omegn, og aldersgrensa for ungdomsbilletten er 21 år. Området er oppdatert gjeldande frå 2025-2026.



# Slik søker du om skoleskyss

Vidaregåande elevar som bur utanfor ungdomsbillettområdet som skal søkje om skoleskyss med **buss**, kan søkje sjølv via sjølvbeteningsportalen på <https://skuleskyss.vlfk.no/>

Skolen må sende inn søknad for elevar som bur innanfor ungdomsbillettområdet og som er over 21 år. Dette gjeld også dersom eleven skal søkje om skoleskyss på medisinsk grunnlag eller manglar kollektivtilbod.

Skolane søker om skyss for sine elevar i skoleskyss-systemet Skyss Elev, og godkjent skoleskyss blir sett opp utifrå informasjonen som skolen registerer her. Det er viktig at:

- Timeplanar, bustadfordelingar etc. blir kvalitetssikra før ein sender inn søknaden
- Skolen sender ny søknad dersom skyssbehovet endrar seg eller er lagt inn feil

Skolen må sette seg inn i søknadssystemet Skyss Elev og regelverket. Skolen har rettleiingsplikt, og skal informere elevane om skyssrettane deira.

## Timeplan (felles start- og sluttid)

Skolen sin felles timeplan frå inneverande skoleår blir automatisk flytta opp til skoleåret 2025/2026, og kan ikkje bli endra av skolane. Det er viktig å sjekke at tidene er korrekte slik at ikkje feil informasjon blir sendt inn. Ved behov for endringar må de kontakte skoleskyss@skyss.no med forklaring på kva den konkrete endringa er.

## Skolerute for det nye skoleåret

Ref. Rettleiande skolerute frå avdeling for Opplæring og kompetanse, skal dei vidaregåande skolane følgje skoleruta for vertskommunen:

- Oppstart og avslutning av skoleåret skal følgje vertskommunen.
- Skolane følgjer vertskommunen sin vinterferie.
- Skolane skal så langt råd leggje elevfrie dagar parallelt med kommunen dei høyer til.
- Felles elevfri dag kan ikkje bli flytta.



## Avvik i sluttider (siste dag før jul etc.)

Skoleskyssen er sett opp til ordinære start- og sluttider. Ved behov for transport til andre tidspunkt må skolen bestille og finansiere denne transporten sjølv. Kontakt drosjeoperatør direkte for endringar.

## Frist for innmelding av tilrettelagt transport

Fristen for innmelding av medisinske søknader er 15. juni.

Søknadar om tilrettelagt transport som kjem inn etter 1. august får inntil 14 dagars behandlingstid. Dette gjeld også ved feil i søknader (for eksempel timeplanar, adresse etc). Transport i påvente av godkjent søknad om skoleskyss må ordnast sjølv.



## Sjekk status på søknad

Vedtak vert sendt via Digipost til elev, og skolane kan følgje med på status/informasjon i søknadene i Skyss Elev.

Elevane får tilsendt SMS frå fylket når dei blir tildelt skoleplass. Dei blir då informert om at dei kan søkje om skoleskyss med buss sjølv på [www.skuleskyss.vlfk.no](http://www.skuleskyss.vlfk.no)

# Utplassering

I dei tilfella der utplassering av elevar er ein obligatorisk del av undervisninga blir skoleskyss dekka etter same reglar som for skyss mellom heim og skole. Reglane om ungdomsbillett gjeld også med omsyn til skyss til/frå praksisplass.

Adressa til praksisplassen må leggjast inn i søknaden til eleven i Skyss Elev. Dersom det blir innvilga buss må skoleskyssbilletten innehalde haldeplassen til praksisplassen for å vere gyldig.

Ev. reise til utplassering (til dømes fiskebåt i nord) blir ikkje dekka av Skyss.



# Tilrettelagt skoleskyss med drosje

All skoleskyss skal som hovedregel bli utført med kollektivtransport.

Elevar med rett til gratis skoleskyss som ikkje kan nytte seg av kollektivtilbodet, kan søkje om tilrettelagt skyss på heile eller delar av strekninga dersom eitt eller fleire av følgjande vilkår er oppfylt:

- behov for anna skyss enn buss grunna varig eller mellombels funksjonshemmning/sjukdom
- manglende kollektivtilbod på strekninga der eleven har rett til skoleskyss anten på grunn av avstand eller særleg trafikkfarleg skoleveg

Ved søknad om skoleskyss på medisinsk grunnlag må skyssbehovet vere dokumentert med legeerklæring eller erklæring frå behandlende psykolog som inneheld:

- grunngjeving for kvifor eleven treng skyss
- kva slags type skyss eleven treng (buss, skyss utført med eige transportmiddel, drosje/tilrettelagt skyss)
- tidsrom for når eleven treng skyss (veker, månader, år)

Mangefull erklæring frå lege/behandlende psykolog kan resultere i lengre saksbehandlingstid – og i enkelte tilfelle avslag på søknaden.



## Skyss samarbeider med rådgjevande legar

Legane bidreg til å opplyse saker gjennom å tolke medisinsk dokumentasjon og vurdere elevar sin reiseeve i samråd med saksbehandlarane i Skyss.


# Hentetider for tilrettelagt skyss

Tilrettelagt skoleskyss erstattar rutegåande transport og er basert på samkøyring. Skoleskyssen blir sett opp til faste start- og sluttider, og konkrete hentetider kan skolen (ev. elev/foreldre) få opplyst av den aktuelle drosjetransportøren etter at søknaden er godkjent.

Det er viktig at det er registrert rett timeplan for trinnet, eventuelt for eleven dersom eleven har eigen tilrettelagt timeplan, då det er denne som er utgangspunkt for hentetider.

Transportør kan leggje opp køreruta slik at eleven kan komme inntil 15 minutt før første time, og hentast inntil 15 minutt etter siste time.

Henting utanom faste hentetider i samband med akutt sjukdom fell utanfor retten til skoleskyss.



# Tilrettelagt skoleskyss med eige transportmiddel

Elevar med rett på tilrettelagt skoleskyss kan søke om å utføre skoleskyssen privat/med eigen bil. Skolen skal søkje om eige transportmiddel i søknad, og dette må vere godkjent av Skyss på førehånd.

For å få refusjon i samband med godkjent skoleskyss må skyssutøvaren sjølv føre krav om godtgjering i Visma Expense. Refusjonskrav blir utbetalt etter faste satsar etterskotsvis, og etter endt halvår (eventuelt skoleår).

Skolen må attestere refusjonsskjema som skyssutøvar sjølv lastar opp i Visma Expense.

Meir informasjon finn de på <http://www.skyss.no/skoleskyss>

Her finn skyssutøvar mellom anna rettleiar for refusjon og aktuelle skjema for føring av refusjon.



# Skoleskyssbillett på mobil

Elevar på ungdoms- og vidaregåande skolar kan velje å få skoleskyssbilletten i Skyss Billett appen i staden for fysisk kort.

Ein får to skoleskyssbillettar kvar dag. Éin frå heim til skole som kan nyttast i tidsrommet kl. 06:00-12:00, og éin frå skole til heim som kan nyttast i tidsrommet kl. 12:00-22:00. Skal ein reise andre stader, må ein kjøpe eigen billett til dette.

I tilfelle ein elev skulle vere tom for straum eller mobildata på telefonen, vil vektarane kunne søke opp billetten ved hjelp av mobilnummeret til eleven.

Sjå meir info om mobilbilletten på [www.skyss.no/skoleskyss](http://www.skyss.no/skoleskyss)




# Skoleskyssbillet (fysisk kort)

Korta er digitale og billetten er knytt til kortnummeret og ligg i «skya». Elevar som har kort frå før skal bruke det same kortet, då skolekortet er gyldig så lenge eleven har godkjent skoleskyss. Billetten vil bli automatisk oppdatert ved endringar i søknaden som for eksempel nytt skoleår, ny adresse eller ny skole. Eleven kan derfor bruke det same kortet så lenge hen går på skole, og vi oppmodar elevane om å ta godt vare på kortet sitt.

## Korleis søker om kort for nye elevar i løpet av skoleåret?

Når ein ny elev får godkjent skoleskyss i løpet av skoleåret, blir det automatisk bestilt eit nytt kort som blir sendt til skolen. Leveringstid ca. 6 veker.

I påvente av personleg skolekort skal eleven bruke eit midlertidig skolekort som skolen deler ut. Sjå neste side for meir info.



skyss skolekort

---

NAMN TIL ELEVEN

---

ELEV-ID

---

GJELD MELLOM HEIM OG SKOLE

---

Med skolekortet kan du reise ein tur kvar veg mellom heim og skole på skoledagar.  
Reisetrekninga er knytt til kortet.  
Skal du reise meir, eller andre stader, må du kjøpe annan billett.

Kortnummer (11 siffer)  skyss.no




# Kva skjer om ein elev gløymer eller mistar kortet?

Om ein elev gløymer eller mistar skolekortet sitt, skal skolen ut eit **midlertidig kort**.

Dei midlertidige skolekorta er upersonlege og skal brukast om igjen. Det er derfor viktig at skolen passer på å samle inn igjen dei midlertidige korta når elev finn att sitt personlege kort, eller får eit nytt, personleg kort.

Vi anbefalar at skolen lager eit ut- og innleveringssystem for dei midlertidige korta.

Slik ser dei midlertidige korta ut:



skyss skolekort

---

Dette er eit midlertidig skolekort som du skal levere tilbake når du får ditt eige skolekort.

---

Med skolekortet kan du reise ein tur kvar veg mellom heim og skole på skoledagar.

Skal du reise meir, eller andre stader, må du kjøpe annan billett.

Kortnummer (11 siffer)

skyss.no

skyss



# Kontaktinformasjon

Handlinger

SØK OM SKOLESKYSS 

Informasjon

Brukarkrettleitung

Sjå brukarkrettleitung og opplæringsvideoar for Skyss elev her:  
<https://www.skyss.no/reise/skoleskyss/for-skulane/>

Skoleskyssbillett på mobil

Fra skolestart i august 2023 kan elevar ved alle ungdoms- og vidaregåande skoler få skoleskyssbilletten sitt i appen Skyss Billett. Les meir her:  
<https://www.skyss.no/reise/skoleskyss/ny-side/>

Status Søknadar

Fana "Bestillingar" gir oversikt over innmeldte søknader. Ellers kan søknad finnast ved å bruke "Søk overalt".

Notat i søknad frå saksbehandlar

Ver merksam på eventuelle notat frå Skyss for søknader som framleis ikkje er handsama. Ofte manglar dokumentasjon for vidarehandsaming.

FlawID nr BestillingsID

E-post: [skoleskyss@skyss.no](mailto:skoleskyss@skyss.no)

Telefon: 55 55 90 70, tasteval 2  
(Telefontid mellom kl. 09-12 alle skoledagar)

Nettside: [www.skyss.no/skoleskyss](http://www.skyss.no/skoleskyss)

- Masse nyttig info på dei ulike fanane
- Brukarmal og opplæringsvideoar ligg under fana «for skulane»

Informasjonsboks i Skyss Elev

skyss 

## Skoleskyss

Det er Skyss som har ansvar for skoleskyssen i Vestland.  
Elevar som har rett på dette, får innvilga gratis skoleskyss.

Skoleskyssbillett

Skoleskyss i grunnskolen

Skoleskyss i vidaregåande opplæring

Ofte spurde spørsmål

For skulane

Rettleiarar og skjema

Refusjon av utgifter til skoleskyss

Finn avstand mellom heim og skole

Kontakt skoleskyss



Skoleskyssordninga gir eleven rett til:

- Rett til fri skoleskyss mellom heim og skole til faste start- og sluttider, på ordinære skoledagar (ikkje laurdag, søndag eller skoleferiar).
- Skoleskyss dekkjer ikkje skyss til og frå fritidsaktivitetar og liknande.

### Desse kan få innvilga skoleskyss:

- 1. klassingar som bur minst 2 kilometer frå skulen.
- 2.-10. klassingar som bur minst 4 kilometer frå skulen.
- Vidaregåande elevar som bur utanfor ungdomsbillettområdet eller er for gamle til å kjøpe ungdomsbillett, og har meir enn 6 kilometer til skulen.
- Elevar som har for kort avstand, men der skolevegen blir definert som særlig farleg (søknad sendast til kommunen).
- Elevar med varig eller midlertidig funksjonseinsfesting eller sjukdom

